

# Thea spelar nordisk

Norsk Bridgeforbund har tatt ut laga som skal representera Noreg under årets nordiske meisterskap for ungdom. Årets meisterskap blir spelt i perioden 4. til 6. april i Vejen i Danmark, og Noreg stiller lag i alle fire klassane.

Thea Hauge frå Os Bridgeklubb er tatt ut på det norske jenter U-25 laget. Sist gong det blei arrangert nordisk meisterskap for ungdomslag var på Hamar i 2013. Også den gongen spelte Thea på det norske jentelaget, og det enda med eit knepent finaletap mot Danmark. Med Danmark på heimebane denne gongen kan det bli hardt å få revansj, men umogleg er det ikkje.

I tillegg til Thea stiller følgjande på det norske jentelaget: Stine Frøyse, Ringeby/Fåvang BK, Marte Haugen Klinge, Orkdal BK, Sofie Græsholt Sjødal, Nesodden BK, Katarina Ekren, Bergen Akademiske BK og Thea Lucia Indrebø, KGB Klyve-Gulset BK. Ikkje-spelande kaptein for laget er Rosaline Barendregt.

I tillegg til å kjempa om tittelen nordisk meister er årets meisterskap viktig i oppkøyringa til årets store mål - EM for ungdomslag, som denne gongen går på heimebane. Ope EM blir arrangert i Tromsø i perioden juni/juli, og «25th European youth bridge team championship» som turneringa offisielt heiter, er ein del av dette arrangementet. Ungdoms-EM opnar laurdag 18. juli og blir avslutta laurdag 25. juli.

LJ



Thea Hauge spelar på det norske jenter U-25 laget. I påsken går nordisk av stabelen i Danmark. Biletet viser Thea i aksjon på juniorleiren i Fredrikstad sommaren 2013. (Foto NBF)

## Alt klaffa i Oslo

Auroras sceneform, bandet og repertoaret byrjar for alvor å setja seg. Manager Geir Luedy er strålende nøgd med Aurora-konserten under By-larm.

**KENNETH SVENNINGSEN**  
Kenneth.svenningsen@osogfusa.no

- Konserten i Oseana var også fantastisk, men på Sentrum Scene no på fredag var det heilt spesielt. Alt fungerte maksimalt. Bandet var i superform, lyden var perfekt og Aurora var berre heilt utruleg. No byrjar ho verkeleg å bli scenevan, skryter Geir Luedy i Made Management.

Utanfor Sentrum Scene var det framleis lang kø då Aurora Aksnes starta sin halvtimes lange konsert i lag med sitt faste band.

- Det var smekkkfullt. Vel 1.750 framømte. Stemninga var ekstatisk, skryter Luedy.

### Verdslandsering

Han er trygg på at Aurora no har funne seg til rette på store scene-

ner.

- Ho klarer seg supergodt. Me i managementet vert heile tida positivt overraska. Det er som ho heile tida er eit hestehovud framfor. Ho tilpassar seg nye format heile tida, seier Luedy.

Store scener vert det mykje av i tida framover.

- Frå og med mai vert det full turné-runde. Då skal Aurora og bandet spela i Danmark, USA, Belgia, Nederland, Storbritannia og Frankrike.

- Plata då? Korleis går det med den?

- Jaudå. Den jobbar ho med til dagen. Me håpar å bli ferdige denne våren. Så tenkjer me å sleppa han i september.

- Blir det berre Noreg i første rekkje?

- Nei, det blir full lansering verda over - England, Tyskland, Frankrike Belgia, USA, Australia, Sør-Afrika, Mexico - you name it. Alt no er interessa stor, seier Luedy.

### Festival-sommar

Dei neste månadene kjem Aurora stort sett til å halda seg i studio - hovudsakleg i Bergen.



Geir Luedy og Aurora utanfor kulturhuset i Oslo der Aurora vart intervjuva på P3 før fredagens konsert på Sentrum Scene.

- Me eksprimenterer litt i ulike studio, men det meste av plata lagar me i Lydriket i Bergen, seier Luedy.

Neste gong songfuglen vert å sjå på ein scene i heimtraktane blir truleg ikkje før i juli.

- Ho skal vera med på 10 festivalar i Noreg denne sommaren. Ein av dei vert Bergen Fest i midten av juli. Elles skal ho spela på fire-fem festivalar i Europa, så det blir ein travel, men morosam sommar, seier Luedy.

## «Dar kjem dampen» til Os

Fredag 20. mars vitjar Medaas-prisvinnar og artist Linda Fosse, Os Pensjonistforening med kyst-framsyninga «Dar kjem dampen».

Det vert atthøyr med viser av mellom andre Ivar Medaas, Johannes Kleppevik og Salhuskvintetten. Framsyninga er i regi av Den kulturelle spaserstokken. Publikum kan venta seg allsong og innblikk i artistane sine liv.

Linda Fosse har arbeidd som frilanssøngar og skodespelar i meir enn 20 år. Nyleg stod ho på Lille Ole Bull i Bergen med framsyninga «Kor tid, viss ikkje no?». Fosse mottok den aller fyrste Medaas-prisen i 2000.